

14/2352

23-July-2014

Bjarne Foss
Seimsstranda 197
5912 Seim.

08.06.2014

Ordfører Astrid Aarhus Byrknes
Rådhuset
5914 Isdalstø.

Eg viser til ditt brev frå 01.07.2014.

LINDÅS KOMMUNE	
Klassenna	
15. 07. 2014	
Ark saksnr	Løpenr.
Saksnr	Tilgangskode

Du viser til vedtak i formannskapet 23.05.2012, men du nevner ikkje noko om bakgrunnen for vedtaket.

Eg skal minne deg om at formannskapet 29.03.2012 gjorde vedtak om at nokre av Foss sine klagesaker skulle behandlast av administrasjonen innan 01.06.2012 med tilbakemelding til formannskapet etter det. Er dette gjort?

Videre skal eg minna deg om at formannskapet 22.08.2013 gjorde slikt vedtak:

PS 63/13 Tilbakemelding etter vedtak i formannskapet sak 45/13 –

Vedk. Foss utviklingssekskap AS.

Formannskapet bed rådmannen svare på spørsmål i brev datert 13.06. 2013 og framtidige brev. Innkomne brev og svara på dei vert lagt fram for formannskapet til orientering.

I brev frå 07.03.2014 har eg etterlyst svar. Eg fekk slik tilbakemelding:

Saka er vidaresendt til rette vedkommande.

Du vil få svar frå oss så snart saka er ferdig vurdert.

19.03.2014 bad eg om ei nærmare forklaring kva ein mente med dette svaret. Eg har ikkje fått noko forklaring .

10.04.2014 skreiv eg endå eit brev om saka til Lindås formannskap v/ ordfører Astrid Aarhus Byrknes.

Heller ikkje denne gongen fekk eg svar. Eg ber deg lese breva og dersom du ikkje vil svare kan du vere snill å grunngi korfor?

Kommunen har mange gonger brukt pressa for å sverte meg. Eit døme på dette er i den såkalla Gjerdesaka. Med store bokstavar står det i avisa Nordhordland 29.04.2006

Nattarbeid skapar reaksjonar.

Onsdag sende plan- og miljøkomiteen den betente byggesaka til Foss Eigedom tilbake til administrasjonen. Natt til torsdag kom det eit ulovleg bygd gjerde på den aktuelle tomte.

Eg har vore og sett på gjerdet, og synest det er tragikomisk at det vert brukt ressursar på denne måten. At det vert sett opp om natta fortel alt om kva nivå denne saka er på seier Lars Johan Haukås.

Eg har lagt fram dokumentasjon på at gjerdet ikkje er sett opp om natta og gjerdet er ikkje ulovleg noko som også fylkesmannen har bekrefta.

Eg bad om at formannskapet gjekk ut og avsanna skuldingane, men det blei ikkje etterkome. Dermed skal det stå som ei sannheit for all tid at Bjarne Foss har sett opp eit ulovleg gjerde i nattas mulm og mørke.

Endå verre er det når Leidulf Brunborg kjem med denne interpellasjonen til kommunestyret 21.10.09:

Det er no om lag eit år sidan det vart vedtatt at gjerdet til Bjarne Foss utanfor reklamehuset skulle fjernast.

Gjerdet står der framleis.

Dagleg ser eg skuleborn, arbeidstakarar på KIM og andre måtta gå ned på trafikkfarleg veg i staden for naturleg å kunna gå meir trafikksikkert forbi Reklamehuset.

Kan ordføraren svara meg på kor mykje lengre det skal gå før fatta vedtak skal medføra praktisk handling?

Nedanfor gjengjev eg det vesentlege i ordførarens svar:

I brev datert 12. desember 2008 gjorde Fylkesmannen slikt endeleg vedtak:

Lindås kommune sitt løyve av gjerde datert 09.04.08, vert oppheva som ugyldig grunna innholdsmanglar. Klage frå 24.04.08 frå adv. Kjell Helland vert teken til følgje.

Fylkesmannen si avgjerd er sendt Foss Eigedom AS via adv. Halfdan Melbye.

Administrasjonen har med bakgrunn i Fylkesmannen sitt vedtak venta på at Foss Eigedom AS ville gjera eit av to ting i tråd med plan- og bygningslova:

- 1. senda inn fullstendig søknad om å få godkjent gjerde slik det no er sett opp eller*
- 2. Fjerna gjerdet frå eigedomen.*

Då det ikkje har skjedd noko i saka etter Fylkesmannen sitt vedtak vil administrasjonen no leggja fram sak for plan- og miljøutvalet om den vidare oppfølginga av det oppsette gjerdet.

Kva grunn har ordføraren for å tru at Foss ville gjere det som er nevnt i punkt 1 og 2 ovanfor? Når det vert retta ei så alvorleg skulding mot ein privatperson frå kommunestyrets talarstol, kan ikkje ordføraren forklare dette med kva kommunen har venta på.

I brev frå Fylkesmannen til Lindås kommune 18. juli 2007 kjem han med sterk kritikk til kommunens handsaming av gjerdesaka og opphevar kommunens vedtak frå 02.05.06 og 22.06.06 og tilkjenner Foss dekning av advokatutgifter med kr. 37.000,00. Han slår fast følgjande:

Søknadsplikt

Det gjeld eit generelt fritak frå søknadsplikt for innhegning som ikkje er mot veg. Vidare vil innhegningar med inntil 1,5 meters høgd korkje krevje søknad eller melding. For innhegning langs veg som er høgare enn 1,5 meter er unntaket frå søknadsplikt føreset av at gjerdetype, plassering, lengda og høgd er fastsett i reguleringsplan eller utbyggingsplan. Som eit utgangspunkt er det altså berre søknadsplikt for innhegning mot veg som er høgare enn 1,5 meter, jf pbl § 93, 1. ledd bokstav g, men ei innhegning kan også bli søknadspliktig viss ho er så høg eller tett at innhegninga skal reknast for å vere ein "konstruksjon", jf pbl § 93, 1. ledd bokstav a.

Ut frå denne utsegna frå Fylkesmannen kan det ikkje vere vanskeleg å forstå at Foss aldri vil sende inn nokon søknad eller fjerne gjerdet frå eigedommen.

Etter denne tid har kommunen gjort fleire forsøk på å få fjerna gjerdet med ilegging av tvangsmulkt på mange hundre tusen kroner og trussel om politihjelp for å få gjerdet fjerna. Alle vedtak er oppheva av Fylkesmannen, siste opphevinga er frå 7. juli 2011. Etter den tid har ein ikkje hørt noko meir frå kommunen. I avisa Strilen frå 16. februar 2012 kan ein lese følgjande:

Kommunen kommenterer

Strilen har spurt Lindås-administrasjonen om kommentar til brevet frå Fylkesmannen. Svaret frå kommunen er "Brevet frå fylkesmannen er til no ikkje blitt handsama, på grunn av stor saksmengde. Byggesaksadelinga arbeider med saka, og vil tilskrive tiltakshavar."

Det er gått langt over 2 år sidan kommunen uttalte dette. Er dette normal sakshandsamingstid i Lindås kommune, ordførar? Men kommunen vil ikkje avslutte saka slik at Foss kan fremme krav om erstatning for ulovlege vedtak med trugslar om tvangsmulkt og politihjelp for å få gjennomført vedtaka.

Men det verste med svaret du gir på spørsmålet frå Brunborg er at du ikkje tek avstand frå skuldingane han rettar mot meg. Du veit godt at det ikkje er nokon vei slik Brunborg hevdar og du veit også godt at det ikkje er noko ulovleg gjerde.

02.11.09 skreiv eg brev til deg og bad deg om å komme med ei forklaring på korfor du ikkje tok avstand til skuldingane i interpellasjonen, men eg fekk ikkje noko svar. Ut frå dette må ein tyde det slik at det svaret du gav i kommunestyret er rett og noko du står for.

Eg har måtte tole mykje av skuldingar frå Lindås kommune si side, men denne gongen gjekk det så inn på meg at det heldt på å ende med katastrofe. No skal det for all ettertid stå i kommunens sakspapir at Bjarne Foss jagar born og psykisk utviklingshemma ut på farleg veg med fare for sine liv.

10.04.13 sende eg brev til fylkesmannen med kopi til Lindås formannskap og bad om hjelp til å få dei mange saker med Lindås kommune vidare. I brevet skreiv eg m.a.:

Underteikna er ein mann på snart 84 år. Eg vil gjerne bli ferdig med desse sakene og ikkje føre dei vidare til neste generasjon.

Fylkesmannen skreiv brev til Lindås kommune og bad om at det blei rydda opp og at kommunen følgjer opp sine egne vedtak. Ditt bidrag til å få sakene ferdigbehandla er å få dei utsett, førebels, 1 år og 4 mndr.

Einingsleiar Tor Hegle sin melding til Formannskapet 23. mai 2013.

Ordføreren og eg hadde mange samtalar og mange mailar som vart sendt mellom oss i 2012. Eg forstod deg slik (noko som også mailane viser) at du var innstilt på å finne ei snarleg og minneleg ordning for å få avslutte sakene. For å få eit betre oversikt over saksgangen ivra du for et Hegle og eg måtte gå i gjennom sakene før dei blei tatt opp til behandling. Vi hadde to lange møter og gjekk i gjennom sakene. Eg dokumenterte fakta og Hegle var einig i at det var gjort mange feil frå kommunens side. Eg gjekk ut frå som ein sjølvfølje at vi skulle komme med ein felles rapport. Stort var sjokket då ovannemnde rapport blei lagt fram for formannskapet. Toppen på det heile er at du uttalar at du set pris på innspela frå Bjarne Foss. Det same uttalar Tor Hegle. Meinar du at eg har vore med å utforme meldinga som er lagt fram? Ikkje eit av dei dokumenterte innspela eg kom med under samtalanene med Hegle er tatt omsyn til. Denne uoversiktlige meldinga som er full av feil og urette påstandar skal ha meg fråbedt å ha vore involvert i.

15.06.13 ringde du til meg og ville ha eit møte saman med kommuneadvokaten. Du hadde vore bortreist nokre dagar og hadde fått melding om mitt brev til formannskapet frå 13.06.13. Eg bad deg lese brevet mitt først og bad deg ta kontakt etter det. Sidan har eg ikkje hørt noko frå deg. Under samtalen fortalde eg at eg hadde fått igjen blodkreftsjukdomen eg hadde i 2001 og utfallet var usikkert.

Eg er no inne i ei kritisk fase. Det er lenge til formannskapsmøte 04.09.14. Men om eg er gått ut av tida før den tid så er du ikkje dermed ferdig med saka.

I eit intervju med avisa Nordhordland 18. mai 2013 uttalar du dette:

Eg vil drøfta med formannskapet kva vi skal gjera får å få ein prosess med ei avslutning - ein konklusjon. Vidare uttalar du: Foss fortener å få eit klart svar. Når eg løfta saka fram igjen, må vi som formannskap sei kva som skal til for at denne kompliserte saka skal få sin slutt. Vi må gjera vårt beste, og det må vera ærleg og rettferdig det som kjem fram.

No kan du sette det du her seier opp mot det framlegget du sette fram og fekk vedteke på formannskapet 23. mai 2013.

I samarbeid med einingsleiar Tor Hegle har du rota alt til og kalla det Foss-saka. Gong på gong har eg skrive brev og bedt om at kvar sak/klage vert behandla

separat. Synes du at det er rettferdig når du i staden for behandling av sakene får alt utsett i 1 år og 4 mndr.?

No er det alltid to partar i ei sak, i denne er det fire. Med ein einssidig gjennomgang frå kommuneadvokaten og der kommunen styrer kva dokument som skal leggjast fram/ikkje leggjast fram, så må vel denne gjennomgangen frå kommuneadvokaten vere bortimot verdiløus.

Eg må minne deg om, og det veit du godt, at det heile skriv seg frå vedtaket som vart gjort i byggesaka til Reklamehuset 17.06.2002 der det blei godkjent 8 parkeringsplassar på Foss sin eigedom og 14 plassar der tilkomsten måtte gå over Foss. Dette ville ta ca. 600 rutemeter og det er dette Foss ikkje vil godta for då hadde ein ikkje nok areal igjen til å kunne oppføre noko bygg. I byggesaka til Foss lover bygningsjefen å behandle byggesøknaden dersom Foss er villig til å avgi disse 600 rutemeter til Reklamehuset og at dei får køyre gjennom Foss sitt parkeringsareal, ideelt for eit bygg som manglar parkeringsplassar! Gong på gong vert det trekt fram at dersom Foss får bygge misser Reklamehuset sine parkeringsplassar. Eg skal referere frå avisa Nordhordland 22. januar 2005:

Bygningssjef Lars Johan Haukås seier at kommunen har gjort alt dei har kunna for å forsøka å finna ei løysing for å godkjenna bygget. Men saka er at nabohuset har fått godkjent ein del parkeringsplassar og om Foss får byggja slik han vil kan ikkje desse brukast lenger. Uavhengig av kva som har skjedd tidlegare er det slik at vi må forholda oss til ting som er godkjent. Reklamehuset står der, og vi kan ikkje vedta noko som øydelegg for eit bygg som allereide står der.

Dette vil i klårtekst sei at når Lindås kommune har godkjent parkeringsplassar på Foss sin eigedom så har Foss mist eigedomsretten over dette arealet. Er det slik Lindås kommune til vanleg praktiserer lovverket ordførar?

Til slutt: Kva gale er det Bjarne Foss har gjort som kvalifiserer til denne hetsen frå Lindås kommune. Eg har skriva mange hundre brev, kanskje over tusen i høve sakene som har versert rundt Foss. Eg har svart på framsette skuldingar og sendt grunngitte klagar på mange av dei vedtaka kommunen har gjort. Kan ordføraren vise til at eg nokon gong i mine skriv har kome med uriktige påstandar eller gitt uriktige opplysningar?

Når det gjeld kommunen vert det, for å forsvare seg, gong på gong tydd til usanningar frå administrasjonens side, villeiande informasjon gitt med fullt overlegg, gitt uriktige opplysningar til Fylkesmannen, viktige teikningar som er sendt inn saman med søknader om rammeløyve/bygningsløyve er blitt borte, for å nemne noko. Det mest graverande er at rådmannen, for å hindre at ein behandla klage kjem fram til fylkesmannen, stel frankerte brev som er klar for utsending, og heile kommunestyret inkl. ordføraren meiner i ettertid at dette var riktig gjort.

Du trekker stadig fram at dette er ei komplisert og vanskeleg sak. Er det så vanskeleg å få avklåra om kommunens godkjenning av parkeringsplassar på Foss sin eigedom er einstyddande med at Foss har mist eigedomsretten til dette arealet? Og er det så vanskeleg å innrømme at Bjarne Foss ikkje har sett opp noko ulovleg gjerde om natta og er det så vanskeleg å avsanne påstanden om at Bjarne Foss jagar born og psykisk utviklingshemma ut på livsfarleg veg, for å nemne noko. Det som gjer sakene kompliserte er at kommunen heile tida forsvarer all urett som er gjort og aldri vil innrømme feil.

Eg har hatt eit godt liv med passe medgang og motgang heilt inn til sakene med Reklamehuset starta i 2002. Etter det, dei siste 12 åra, har livet vore eit reint helvete. Det som skulle vere eit avslappa liv saman med kona etter lange, men god arbeidsdagar, blei vi snytt for.

Med helsing



Bjarne Foss